



SKULEN SINE ORDENSREGLAR

Mål: Alle skal kunne vere trygge og kjenne seg som ein del av skulefellesskapet. Vi har alle ansvar for kvarandre.

Reglar for elevane:

- Eg skal vise respekt, snakke høfleg til alle og lyde dei vaksne.
- Eg skal følgje klassa sine reglar.
- Eg skal opphalde meg på området til skulen i skuletida. (Sjå kart på neste side)
- Eg skal la andre sine eigedelar få vere i fred.
- Mobiltelefonen min skal vere avslått og ligge i ranselen gjennom heile skuledagen.
- Eg tek ikkje med elektroniske produkt til skulen.

Snop tek elevane berre med etter spesiell avtale.

Skulen oppmodar sterkt om at leiker, spel, kort og andre personlege eigedelar ikkje vert tekne med til skulen utan særskild avtale.

Konsekvensar ved brot på reglane:

1. Åtvaring og tilsnakk.
2. Samtale med kontaktlærer.
3. Melding heim etter avtale med rektor.
4. Innkalling til samtale med elev og heim.
5. Bortvisning
 - For enkelttimar
 - For resten av dagen

Før ein elev vert vist bort frå skulen skal eleven ha hatt høve til å forklare seg munnleg for rektor. Rektor tek avgjersle om bortvisning etter å ha rådført seg med eleven sin kontaktlærer. Ein må vurdere å bruke andre tiltak før bortvisning. Heimen skal varslast før bortvisning.